



Valldal

Årsmøte i Valldal bygdekvinneLag
28.oktober 2025 kl 18.00
Møtestad: Fredheim, Fjørå

Leiar Bjørg Sætren Kleppe ønskte velkomen til årsmøte og opna med fine ord om
«slik er du verdifull».
Allsong vart delt ut og som tidlegare år song vi «Samlesong» av Marta Schumann.

Årsmøtesaker

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling var sendt i epost til medlemmane 12.oktober og som SMS til dei som ikkje har oppgitt epostadresse. Informasjon om møtet var også kunngjort munnleg på førre Bygdekvinnekveld 7. oktober. *Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste, godkjent.*

2. Val av møteleiar

Styret la fram forslag om Solveig Linge Stakkestad som møteleiar, som vart samrøystes vald.
Møteleiar tok deretter over leiinga av møtet.

3. Val av referent

Styret la fram forslag om Magnhild Grønningsæter som referent, som vart samrøystes vald.

4. Val av 2 medlemmer til å skrive under møteboka

Forslag frå medlemmane om Rigmor Vågenes og Liv Engeskaug til å signere møteboka, som vart samrøystes valde.

5. Årsmelding

Leiar Bjørg Sætren Kleppe gjekk gjennom ei innhaldsrik årsmelding som viser aktiviteten i laget.
Årsmeldinga vart teken til vitande og godkjent.

6. Rekneskap

Samandrag av rekneskapet og balansen vart delt ut.

Kasserar Gerd Myren Hoel orienterte om økonomien i laget og korleis pengane er plassert på ulike konti. Ei vesentleg inntektskjelde er relatert til olskokarrangementet.

Overskotet for 2025 utgjer kr 47.000, men kr 33.000 av dette kan tilskrivast inntekter frå olsok 2024.

Inntekter frå loddosal på olsok inneverande år er førebels ikkje kome med i rekneskapen.

At laget er positive til å delta i arbeidet med olsokfeiringa gjev handlingsrom for laget til også å bidra med tilskot til gode føremål, jf. eksempel som «Prosjekt skulekjøkken».

Samarbeidet mellom rekneskapsfører og kasserer fungerer godt.
Revisjonsmeldinga vart lest opp, revisorane har godkjent rekneskapet for 2025.
Rekneskapet vart godkjent av årsmøtet utan merknader.

Judith Grebstad Krogh orienterte om arbeidet i Sansehagen og økonomisk status. Etter søknad vart det gitt tilskot frå sjukeheimen sine gåvemidlar til planting dette året.

7. Arbeidsplan for komande år

Leiar orienterte. Ajourført arbeidsplan for siste del av 2025 er sendt ut. Plan for 2026 er ikkje utforma, men laget vil halde fram i same spor som inneverande år. Medlemmane blir oppfordra til å kome med tankar og idear til tiltak.

8. Budsjett

Budsjettforslag for 2026 er ikkje utforma.

9. Kontingent

Kontingenten er vedteken sentralt og lokallaget har ingen påverknad. Ein del av kontingenten vert tilbakeført til distriktsstyret.

10. Innkomne saker frå styret/medlemmane

Ingen saker var meldt inn.

11. Val

Framlegg frå valnemnda vart delt ut i møtet og leiaren orienterte. ‘

FRAMLEGG FRÅ VALNEMNDA 2025 v/ Vigdis Døving Mork :

Leiar

Björg Sætren Kleppe	2025-2026 attval
---------------------	------------------

Styremedlemer

Mette Natland Valdal	2025-2027 attval
Gerd Myren Hoel	2024-2026 ikkje på val
Magnhild Grønningsætar	2024-2026 ikkje på val
May Vivi Berli	2024-2026 ikkje på val

Vara

1.vara Mette Marie Døving	2025-2026 attval
2.vara Solveig Linge Stakkestad	2025-2026 attval
3.vara Linda Myren	2025-2026 attval
4.vara Eva Bergdal Muribø	2025-2026 attval

Alle undergrupper valde for 1 år, 2025-2026:

Kafegruppa: Liv Eldrid Båtnes Storås, Aase Opskar, Rigmor Vågenes, Solveig Linge Stakkestad – attval, Else Rødal, Vigdis Døving Mork - nye.

Heimesideansvarleg: Judith Krogh – attval

Syng med oss: Linda Myren + 2 hjelparar Vigdis Døving Mork, Judith Krogh – attval

Sansehagen: Judith Krogh, Anne Nygård – attval

Nyføddgåve: Randi Hole Heggen – attval

Tur/aktivitetsgruppa: Gerd Myren Hoel, Kristi Linge Stakkestad – attval

Dikt i lokalavisa: Sunneva Linge – attval

Revisorar: Randi Flø, Kjell Rønning – nye

Valnemnd:	1.Sunneva Linge	2023 – 2026
	2.Inger Gilje Sandnes	2024 – 2027
	3. Framlegg frå årsmøte	2025 – 2028

Valnemnda tilrår at praksis med støtte til eit felles måltid, som takk for innsatsen, blir vidareført.

Årsmøtet må velje ein ny kandidat til valnemnda for perioden 2025-2028.

Forslag i møtet: Nytt medlem i valnemnda 2025-2028: Solveig Linge Stakkestad

Styret får i oppdrag å finne ein vara til valnemnda.

Framlegg frå valnemnda til samansetting av styre og undergrupper vart samrøystes vedteke.

12. Honorar

Årsmøtet har tidlegare gitt styret fullmakt til å fastsette honorar.

Til neste årsmøte skal eiga sak om honorar leggest fram.

Årsmøtet slutt kl. 19.25. 20 medlemmer var tilstades.

Rigmor Vågenes

Liv Engeskaug

sign

sign

Før årsmøtet var medlemmane samla på Fredheim til sosialt samvær og servering frå kl. 17.00.

Vertinnegruppe 5 diska opp med rømmegraut, risengrynsgraut og kaffi med fruktsalat og krumkaker. Det smaka fortreffelig i eit koseleg pynta lokale!

Etter årsmøtet var det tid for åresal, og gevinstante vart godt fordelt.

Leiar Bjørg orienterte om den planlagte «Bygde-brunsjen» som skal vere komande søndag.

Arbeidsliste vart delt ut, oppgåvene er fordelt. Det ser ut til å verte eit skikkeleg gjestebod og eit bra tiltak. Vi er spente på responsen! Det er godt marknadsført i lokal presse, på nettsida og plakatar! Eit nytt tiltak i Bygdekvinnelagets regi som vi håper å lukkast med!

Årets utgåve av adventskalenderar er mottekne og medlemmane er oppfordra til å kvittere ut for sine bidrag.

I etterkant av årsmøtet ser vi at nokre ting kan endrast til neste år, særleg mtp det som skal delast ut i møtet. Styret følgjer opp.

Møtet slutt 20.15

Magnhild
skrivar